



Olje- og energidepartementet
Postboks 8148 Dep

0033 Oslo

postmottak@oed.dep.no

Plan- og samfunnsavdelinga

Sakshandsamar:

Idar Sagen

E-post: idar.sagen@sfj.no

Tlf.: 57 88 47 54

Vår ref.

Sak nr.: 14/3376-5

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internett l.nr.

18891/14

Dykkar ref.

13/905

Dato

LEIKANGER, 16.06.2014

Høyringsuttale til rapport frå ekspertgruppe om organisering av strømnettet - Reiten-utvalet

Fylkestinget i Sogn og Fjordane handterte denne saka 11.06.2014 som sak 18/14 og det vart gjort slikt vedtak:

1. Fylkestinget ser positivt på at utvalet erkjenner problemstillingar rundt store skilnader i nett-tariffar i ulike deler av landet. Det er også positivt at innmatingsinntektene skal gå til det nettnivået der faktisk innmating skjer. Fylkestinget beklagar derimot at utvalet ikkje har forestått løysingar for problem knytt til urimeleg høge og aukande nett-tariffar i område med omfattande utbygging av fornybar kraftproduksjon. Kraftforedlande industri som td Elkem Bremanger må få behalde si tilknytning på høgaste nettnivå, eventuelt at det vert ein nasjonal tariff for kraftforedlande industri. Konsekvensen av manglende løysingar kan bli nedbygging av industri og næring, og sterk svekking av utbygging av fornybar energi. Fylkestinget ber om ei utgreiing av ei nettleigeordning som tek hensyn til utfordringane i område med stort potensiale for produksjon av ny fornybar energi. Fylkestinget ber om tiltak som sikrar konkurransedyktige rammevilkår.
2. Noverande nettariffar stimulerer til å leggje tung forbruk av elektrisk energi til underskotsområde (vekk frå våre overskotsområde). Dette fører til dyrare nett og større tap i nettet. Ei ny ordning må gje prissignal som fremmar rasjonell bruk av ressursane.
3. Fylkestinget meiner at den situasjonen som t.d. Sogn og Fjordane er i, med urimeleg høge og aukande nett-tariffar på grunn av lojal oppfølging av nasjonale mål om utbygging av fornybar kraftproduksjon, ikkje kan halde fram. Sentrale styresmaktar må gjere noko med dette.
4. Fylkestinget ser elles fleire av framlegga i rapporten frå Reiten-utvalet som positive. Mellom anna gjeld dette framleggat om at regionalnettet skal bli ein del av distribusjonsnettet og framleggat om DSO-organisering.

Med helsing

Svein Arne Skuggen Hoff
fylkesdirektør

Idar Sagen
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vedlegg: Saksutgreiing og fylkesrådmannen si tilråding

Mottakar (ar)

Olje- og energidepartementet Postboks 8148 Dep 0033 Oslo

Kopi til:

